



**NVE**

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Leikanger 07.11.2014

Registreringsnummer:

7257

Saksnummer:

200700819

## **Høyringsfråsegn til søknad om planendring for ny plassering av Feios kraftstasjon med nettilknytning i Vik kommune, Sogn og Fjordane.**

Forum for natur og friluftsliv sender høyringsfråsegn på vegne av Sogn og Fjordane Turlag ved Naturvernutvalet og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.

Vi viser til søknaden lasta ned frå internett og folkemøte i Vik 6.mai. Fråsegna vår er basert på sakspapira, informasjon frå folkemøtet i Vik og frå Vik turlag, info henta frå internett og på egne vurderingar og kjennskap til området. Høyringsfråsegna om nettilknytning kjem som eiga sak.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal i oktober: 6.081. 132 kV Feios – Hove ligg i i Vik turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://vik.turistforeningen.no/>

### **Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er medlem av Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn han toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

### **Om utbyggingsplanane:**

Vi ser det som svært positivt at det no vert satsa på kraftstasjon i fjell og ei betre geografisk løysing i høve lokal busetnad. Med god planlegging og anleggsløysing kan anlegget gje mindre inngrep og gje mindre sår og landskapsinngrep sett frå både veg og frå fjorden. Det er elles generelt å føretrekka at utlaupstunnel og vatn vert ført tilbake til elva og elveosen med omsyn på vassøkologi og biologi, t,d stadeigne fiskestammar.

### **Utgreiingskrav:**

Tiltakshavar viser til at utgreiingskrava var svært omfattande og med svært vanskelege kartleggingar. Vi kan til ein viss grad ha forståing for dette, men vil likevel påpeike at det er gjort lite nytt og få forsøk på nytt utvida kartleggingsarbeid. Dette er kritikkverdig og ligg til tiltakshavar sitt ansvar. Ein dag i felt i november for å gjere undersøkingar viser låg innsats. Vidare meiner vi NML § 10 og samla belastning av tiltaket overhovudet ikkje er vurdert eller gjort greie for. Dette meiner vi er ei stor svakheit ved tilleggsutgreiinga. Grunnen til dette ligg i at det no i nær framtid kan verte enno større påkjenningar på dei marine miljøa i fjorden med massedumping frå eit evt Leikanger kraftverk, frå fleire småkraftverk innover i Fjærlandsfjorden, frå eit evt kraftverk i Offerdal i Lærdal og evt frå kommande småkraftsøknadar 2014/2015 i Aurland, Vik, Balestrand og Høyanger kommunar med 2-5 søknader pr kommune. Legg ein saman tidlegare dumpingareal og alle eventuelle kommande fjorddeponeringar vert vurderingane meir komplekse. Kor stor vert skaden frå det enkelte, frå fleire i same område og for alle i indre fjordsystem? Det verkar til å vere manglande kunnskap om kor store verknadane vert og ikkje minst om innan kva slags tidsaspekt revegetering startar og leveområde, biotopar for artane i fjordøkosystemet er intakte igjen. Dette gjer vurderingar rundt NML § 10 om samla belastning svært aktuell i høve dumping av knuste steinmassar og skarpe finpartikler i fjorden. Når kunnskapen er for liten og det er sannsynlig at ein kan utsette trua arter og deira leveområde for vesentleg skade bør NML § 9 om føre-var-prinsippet gjelde. Kostnaden for å spare fjordøkosystemet, kjende artar og artane ein ikkje har oversikt over, er synlege i anleggsfasen, men over tid vil desse verte mindre, når ein tek med både verdien i vidare bruk av lausmassane og null verditap i livgivande økosystemtenester (NOU 2013:10). Sett i lys av desse høva og krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar i NML § 12 meiner vi det er grunn for større varsemd i høve fjorddeponering enn om ein berre ser på effekten av dette eine anlegget som eit isolert tilfelle.

### **Tiltaksområdet og influensområdet:**

Områda for massedeponi i fjorden vil avhenge av straumforholda og topografi. Slik vi har lest rapporten har ein noko teoretisk kunnskap om straumforholda, men ikkje god/eksakt kunnskap om straumforhold og topografi i nedre del av deponiområdet frå 500-1000m djupna. Spreiing av finstoff og skadelege partiklar i vassmassane har ein heller ikkje god nok kunnskap om, medan ulempene ved deponering på land er enklare å vurdere nær eksakt og i tillegg kjem høve for positivt etterbruk.

### **Terrestrisk flora og fauna:**

Feltarbeid 22. november i høve terrestrisk flora fauna utelukkar funn av mange artar. Vi merkar oss kommentaren om at det skal vere eit visst potensial for nye funn av raudlista artar av lav, sopp og mose innanfor tiltaksområdet.

Vi meiner generelt at feltarbeid innan desse tema bør skje om vår, forsommar og sommar for å sikre at tilhøve for funn er tilstades.

### **Marin flora og fauna:**

Sognefjorden er føreslått teken inn i marin verneplan og er teken med i liste A over prioriterte område.

Kunnskapen om tema er lite, ein kjenner til nokre raudlista artar, men influensområdet med mange andre er lite undersøkt. Området er av dei gode for hummar (NT), lenger inn i fjorden er forholda mindre gode. Pigghå (CR) har spesielt gode forhold i influensområdet og på Hermansverk, nær Leikanger kraftverk og evt. nytt større deponiområde.

### **Moglege konsekvensar:**

Kunnskapsnivået verkar svakt både om botnflora og –fauna, samt omfanget av nedslamming og spreining av skarpe partiklar. Sårbare habitat veit ein lite om. Fjordøkosystema er av dei mest komplekse vi har (pers.med. Torbjørn Dale, HISF) der vi også manglar mykje kunnskap om kompleksiteten.

Laksen skal ha eit vern i dette området, knytt til at området ligg innanfor Nasjonal laksefjord. Mengda skrape partiklar frå sprengingsmassen vil avgjere graden av negativ konsekvens.

Ål (CR) på gytevandring kan det ha negativ konsekvens for, men i kva grad er uvisst.

Vi les utgreiingane slik at det ligg mykje usikkerheit kring effekt av tiltaket. Vi er utifrå kjent kunnskap og NML § 9 einige i at det er minst stor negativ konsekvens knytt til anleggsfasen ut i frå kva ein veit. Utifrå mykje manglande kunnskap og lite konkrete opplysningar om dei djupaste delane av influensområdet, både artar og tidsaspekt for reetablering, kan det vere rett med liten negativ eller stor negativ konsekvens. Ein bør vere audmjuk for den manglande kunnskapen ein har. Det er først i seinare år ein har fått oversikt over kor djupt t.d atlantisk laks går under sine vandringar.

I forhold til konsekvensane for biologisk mangfald er dei for landskapet mindre, om ein søker å gjere desse varsame og godt tilpassa.

Næringsfiske og hobbyfiske er for tida svært lite sett i høve til nokre tiåra bak i tid. Her vil alltid vere naturlege variasjonar. Men området i og kring influensområdet er svært godt for fiske av fleire nemnde artar (Vidar Aasen)og for låssetting av brisling inkl.

Vil artane i svakare periodar vere meir sårbare for tap av leveområde og habitat og evt i fleire område samstundes?

Vi meiner konsekvensane ikkje er vurdert etter NML § 10 og at dette er avgjerande for å kunne seie noko vesentleg om konsekvensane på lengre sikt, av di dette heng saman og må gjere det.


Friluftsliv i området: Konsekvensane for friluftslivet er mest knytt til friluftsliv på sjøen og mindre på land. Tur langs vegen vil vere mindre aktuelt i anleggsfasen, men der finst andre alternativ. Knytt til fritidsfiske, hummarfangst m.m vil eit sjødeponi ha større negativ effekt over lengre tid enn eit landdeponi.

Deponi på land vil også ha negative konsekvensar, men her har ein større kontroll på effekt, konsekvens og høve til å gjere avbøtande tiltak. Ein kan gjere gode tiltak for å dempe støv og støy, for rask gjenvekst og ny produksjon på deponiområde og ikkje minst ha høve til å nytta deponimassane til andre samfunnsstenlege føremål. Dvs eit deponi som har ein potensiell verdi. Dumping, kalla deponering i sjø, veit ein mindre om omfang, effekt og konsekvensar av og massane vil ikkje kunne ha nokon vidare verdi.

### **Konklusjon:**

Vi går på det sterkaste imot eit sokalla sjødeponi, av omsyn til NML § 9, 10 og 12 som omtala over i teksten!

Vi vil såleis på det sterkaste gå inn for eit reellt landdeponi der ein kan finne høve for vidare samfunnsnytte av massane, og evt inntil vidare sikra ei rask påvekst og ein viss produksjon!



forum for  
natur og friluftsliv

Med venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dahle  
Koordinator, sakshandsamar



Sogn og Fjordane Turlag  
Ron Overdevest  
Naturvernutvalet, leiar



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Marit Vøien Nes, leiar

Med venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dahle  
koordinator